

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styret  
**FØRETAK:** Helse Bergen HF, Haukeland universitetssjukehus

**DATO:** 19.02.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Askjell Utaaker/Cecilie Magnus Meland, Drift/teknisk divisjon  
**SAKA GJELD:** Sal av eiegenomen Knappen til Bergen kommune (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49)

**SAKSNR.:** 08/23 A  
**MØTEDATO:** 02.02.2023

.....

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret stiller seg positiv til at eiegenomen Knappen (gnr.21 bnr. 197, 552, 553, 1476 og gnr. 28 bnr. 48, 49) i Bergen kommune blir seld til Bergen kommune for kr. 48 116 700.
2. Saka blir send til Helse Vest RHF for vidare behandling/godkjenning

## Bakgrunn

Eigedomen Knappen har høyrte til Helse Bergen HF sidan 2002. Da eigedomen Kronstad vart bygd for Kronstad DPS i 2012 var det ein føresetnad at Knappen skulle seljast da verksemda til føretaket på Knappen vart flytta til Kronstad DPS.

I 2014 vart Bergen Bosenter oppretta på Knappen av Helse Bergen HF. Sandviken sjukehus hadde pasientar klare for utskriving, men som Bergen kommune ikkje kunne ta hand om. Kostnadar for Bergen Bosenter vart fyrst belasta føretaket før kostnadane seinare vart delt mellom partane. Frå 2015 overtok Bergen kommune ansvaret for pasientane og kostnadane, og føretaket inngjekk leigeavtalar med kommunen for leige av hovudhuset og paviljong 2 på Knappen.

I juni 2015 reiste Bergen kommune søksmål mot føretaket med krav om vederlagsfri tilbakeføring av eigedomssretten til blant anna Knappen med grunnlag i Angeravtalen frå 1971. Dommen slo fast at Bergen kommune har ein eigardel i Knappen med 21/85. Saka vart anka til Gulating lagmannsrett som i 2018 sto ved avgjerda til tingretten. Saka vart så anka vidare til høgsterett, men slapp ikkje inn, og dommen frå Gulating lagmannsrett vart rettskraftig i august 2018. I ettertid har det vore ei rekke drøftingsmøte med kommunen grunna ønsket til kommunen om å ta over eigedomen.

Eigedommen vart taksert i 2014 og på ny i oktober 2022. Partane vart samde om sal av eigedomen til takst, kr 63 900 000, til Bergen kommune med fråtrekk for eigardel 21/85 tilhøyrande kommunen. Salssummen for eigardel til Helse Bergen HF vil vera kr. 48 116 700.

## Anbefaling

Adm. direktør tilrår at eigedomen Knappen vert seld til Bergen kommune for kr 48 116 700.

Sal av fast eigedom skal gjennom ei omfattande formell behandling. For eigedomar med verdi over 10 millionar kroner, gjeld følgjande prosedyre:

1. Forslag om sal blir handsama av styret i Helse Bergen HF (jfr. denne saka)
2. Dersom vedtaket blir positivt, blir saka sendt over til Helse Vest RHF
3. Styret i Helse Vest RHF handsamar saka og innstiller overfor føretaksmøtet i Helse Vest RHF
4. Dersom føretaksmøtet for Helse Vest RHF gir sitt samtykke til sal, blir saka sendt vidare til føretaksmøtet i Helse Bergen HF
5. Føretaksmøtet for Helse Bergen HF gjer formelt vedtak om sal

## Vedlegg

1. Kart over eigedomen